



DET KONGELEGE
NÆRINGS- OG HANDELSDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 61

(2002–2003)

Om lov om endringar i rettsgebyrloven mv. og i selskapslovgivinga (kunngjeringsreglar)

*Tilråding frå Nærings- og handelsdepartementet av 11. april 2003,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

I budsjettproposisjonen for 2002 vart det orientert om at departementet ville kome tilbake til ei samla vurdering av gebyrpolitikken for Brønnøysundregistra i statsbudsjettet for 2003. I statsbudsjettet vart det gitt ei generell framstilling av dei problemstillingane departementet arbeidde med, og vist til at saka skulle sendast på høyring same haust. Allmenn høyring vart gjennomført i perioden desember 2002 til februar 2003.

Departementet går inn for at gebyra for tenester frå Brønnøysundregistra ikkje lenger skal vere kopla til rettsgebyret. Dette vil gi større fleksibilitet når ein skal fastsetje gebyr for dei enkelte tenestene, uavhengig av om ein held fast ved inntektskrava til Brønnøysundregistra. Det vert foreslått å ta inn alternative gebyrheimlar i dei lovene som regulerer tenester dei ulike registra i Brønnøysund utfører, dvs. føretaksregisterlova og tinglysingslova. Vidare foreslår departementet at dagens heimlar i rettsgebyrlova blir oppheva. I etterkant vil det bli fastsett ei felles gebyrforskrift for alle registra i Brønnøysund.

Departementet foreslår òg at ein går bort frå dagens kunngjering i Norsk Lysingsblad, og i staden kunngjer selskapsrelaterte saker elektronisk. Elektronisk kunngjering gir betre tilgang til kunngjeringsane, mellom anna gjennom utvida søkjemoglegheiter og enkle abonnementsordningar. Registra kan òg spare store kostnader ved ei slik omlegging,

sidan ein i dag bruker 32 millionar kroner på kunngjering i Norsk Lysingsblad.

2 Bakgrunnen for lovforslaget

2.1 Generelt om Brønnøysundregistra

Det første registeret som vart oppretta i Brønnøysund, var *Lausøyreregisteret* (1981), som i hovudsak er eit rettsvernsregister for tinglysing av fordringar, ektepakter, o.a. Brukarane av dette registeret er i første rekkje næringsdrivande og kreditorar i samband med rettsvern for varelagerpant, driftstilhøyrsløypant og liknande, men registeret yter òg tenester til privatpersonar, særleg i samband med salspant i motorvogn og tinglysing av ektepakter.

Rekneskapsregisteret (1981) si oppgåve er å ta imot årsrekneskapane frå dei som er innsendingspliktige etter rekneskapslova, og gjere dei tilgjengelege for allmenta. Informasjonen frå registeret blir brukt av kredittopplysningsinstitusjonar, bankar og næringsdrivande som ønskjer rekneskapsinformasjon om forretningskontaktane sine. Sidan 1993 har registeret lagra dei innsende årsrekneskapane elektronisk. I november 2002 vart meir enn 1,3 millionar årsrekneskapar gjorde tilgjengelege på Internett. I samarbeid med Skattedirektoratet og Statistisk Sentralbyrå er det utvikla ei løysing for elektronisk innsending av mellom anna årsrekneskapane.

I 1988 vart all registrering av næringsdrivande samla i *Føretaksregisteret*. Dette erstatta dei tidlegare lokale handelsregistra. Registeret har ansvar for registrering av alle norske og utanlandske føretak som driv næringsverksemd i Noreg, med unntak av ein del enkeltpersonføretak. Registeret skal sikre rettsvern og økonomisk oversikt, og er ei viktig kjelde for alle som treng korrekte opplysningar om aktørane i norsk næringsliv.

Konkursregisteret (1993) inneheld opplysningar om konkursbu og tvangsavviklingsbu. Registeret inneheld sentrale opplysningar om kvart enkelt bu, mellom anna kven som har vore dagleg leiar, styreleiar og revisor i eit konkursramma føretak, og om styreleiaren eller dagleg leiar har roller i andre føretak på tidspunktet for konkursopninga. Konkursregisteret kan også gi opplysningar om nokon er ilagd konkurskarantene og innført i *Konkurskarantenerregisteret* (1991).

Einingsregisteret (1995) er eit register som inneheld grunndata om einingar som har registreringsplikt i Arbeidsgivarregisteret, Meirverdiavgiftsmanntalet, Føretaksregisteret, Skattemanntalet for etterskotspliktige skatteytarar, fylkesmannsregistra over stiftingar og Statistisk Sentralbyrås bedrifts- og føretaksregister. Registeret samordnar opplysningar som finst om næringslivet og andre juridiske personar, og tildeler organisasjonsnummer til einingane, og er gjennom dette eit viktig verktøy for vidare forenklingarbeid for næringslivet.

Oppgåverregisteret (1997) si hovudoppgåve er å halde jamleg oversikt over næringslivet sine oppgåveplikter til det offentlege, og finne moglegheiter til samordning og forenkling. Målet er å lette næringslivet sine byrder knytt til innrapporteringsplikter.

European Business Register (EBR) (1999) er eit europeisk nettverk for utveksling av føretaksoplysningar, og Brønnøysundregistra er med i dette nettverket. EBR gjer offisiell informasjon om europeiske føretak tilgjengeleg via Internett. Med ein stadig større auke i handelen over grensene har korrekt og lett tilgjengeleg informasjon om utanlandske føretak vorte stadig viktigare.

Utover dette inneheld Brønnøysundregistra også ein del andre mindre register, knytte til konkrete forvaltningsområde, m.a. Lotteriregisteret, Jegerregisteret og Reservasjonsregisteret.

2.2 Behovet for endringar

Dei siste åra har gebyra ved Brønnøysundregistra fleire gonger vorte utsette for kritikk frå næringsorganisasjonar, politikarar og media. Kritikken har i første rekkje gått på at gebyra ved registra er så hø-

ge at Brønnøysundregistra totalt sett går med «overskot». For 2001 og 2002 var «overskotet» på ca. 150 millionar kroner. Ei brukarundersøking som vart gjennomført våren 2000, viste også at mens registra generelt skåra høgt med omsyn til pålitelege opplysningar og service, var brukarane ikkje nøgde med gebyr- og prisnivå.

I budsjettproposisjonen for 2002 vart det orientert om at Nærings- og handelsdepartementet ville kome tilbake til ei samla vurdering av gebyrpolitikken for Brønnøysundregistra i statsbudsjettet for 2003. I statsbudsjettet vart det gitt ei generell framstilling av dei problemstillingane det blir arbeidd med, og vist til at saka skulle sendast på høyring same haust.

Høyringa vart gjennomført i perioden desember 2002 til februar 2003. I tillegg til forslag om endringar av gebyrheimlar og endringar i kunngjeringsreglane omfatta høyringa generelle spørsmål knytte til prinsippa for gebyrfastsetjing i Brønnøysund og den konkrete gebyrstrukturen i Føretaksregisteret.

Forslaga til endringar vart sendt til følgende høyringsinstansar:

Finansdepartementet
Justis- og politidepartementet
Arbeids- og administrasjonsdepartementet
Kommunal- og regionaldepartementet
Brønnøysundregistra
Datatilsynet
Patentstyret
Domstoladministrasjonen
Statistisk Sentralbyrå
Bedriftsforbundet
Den norske advokatforening
Den norske Revisorforening
Finansnærings Hovedorganisasjon
Sparebankforeningen
Handels- og Servicenærings Hovedorganisasjon
Landsorganisasjonen i Norge
Næringslivets Hovedorganisasjon
Rederiforbundet
Norske Autoriserte Regnskapsføreres Forening (NARF)

Følgande har avgitt høyringsinnspel:

Finansdepartementet, Justis- og politidepartementet, Arbeids- og administrasjonsdepartementet, Brønnøysundregistra, Datatilsynet, Patentstyret, Domstoladministrasjonen, Statistisk Sentralbyrå, Bedriftsforbundet, Den norske Revisorforening, Finansnærings Hovedorganisasjon, Sparebankforeningen, Næringslivets Hovedorganisasjon, Rederiforbundet og Norske Autoriserte Regnskapsføreres Forening (NARF)

2.3 Hovudpunkter i høyringsbrevet

2.3.1 Rettsgebyrlova som gebyrheimel

Departementet meinte det var ønskjeleg å sjå nærmare på heimelsgrunnlaget for gebyra i dei ulike registra innanfor Brønnøysundregistra. Dei fleste av gebyra for registrering, tinglysing og informasjonsavlevering er forankra i lov 17. desember 1982 nr. 86 om rettsgebyr (rettsgebyrlova), primært av historiske grunner.

Brønnøysundregistra har sidan 80-talet vakse ved at stadig fleire register har kome til, sjå oversikta i kapittel 2.1. Dette har ført til ei oppsplitting av reglane om gebyrfastsetjing og innkrevjing av gebyr. Desse er idag fordelte på sju lover og sju forskrifter. Desse har vore fastsette til forskjellige tider, og uavhengig av kvarandre. Det er derfor behov for ei opprydding.

Sidan gebyra i Brønnøysund er knytte til rettsgebyret (R), har departementet og registra liten fleksibilitet til å justere gebyr og prisar i tråd med konkrete endringar i kostnadene registra har i samband med produksjon av dei ulike tenestene, fordi rettsgebyret primært blir fastsett etter kva inntektsbehov domstolane har. Auken i gebyra har dei siste åra vore høgare enn den generelle kostnadsutviklinga i samfunnet.

Frå eit brukarsynspunkt er det òg mest formålstenleg at heimlane for gebyr går fram av den lovgivinga som regulerer dei aktuelle tenestene registra utfører, som mellom anna er føretaksregistrering, tinglysingar, o.a. Det vart derfor foreslått at ein skulle flytte gebyrheimlane frå rettsgebyrlova og over i dei relevante lovene.

Vi viser til nærare omtale i kapittel 3.

2.3.2 Prinsipp for den framtidige gebyrfastsetjinga ved Brønnøysundregistra

I samband med arbeidet med opprydding i gebyrreglane fann departementet det naturleg også å sjå på prinsippa for gebyrfastsetjing i Brønnøysundregistra generelt.

I høyringsbrevet gjekk departementet inn for at gebyrfastsetjinga i framtida skal følgje eit prinsipp om at inntektene skal dekkje kostnadene ved drift og utvikling, og at registra blir vurderte gruppevis etter kva for kundar dei yter tenester til. I tillegg kan det bli gjort eit påslag for å møte eit eventuelt inntektskrav frå Stortinget, fastsett i samband med dei årlege budsjettbehandlingane i Stortinget.

Innspelela frå høyringsrunden er positive til forslaget om nytt prinsipp for gebyrpolitikken, og departementet vil leggje dette til grunn for forskriftsutforminga i etterkant av lovendringane. Departe-

mentet vil vidare komme tilbake til denne saka i budsjettforslaget for 2004.

2.3.3 Framtidig gebyrstruktur i Føretaksregisteret

Dei siste åra har Brønnøysundregistra, og i første rekkje Føretaksregisteret, vorte kritiserte for at gebyra er for høge. Det gjeld særleg gebyra for nyregistrering av føretak. Departementet har gått gjennom gebyrinntektene. Dagens overskot i Brønnøysundregistra stammar stort sett frå gebyr som er knytte til tinglysing/registreringar i Lausøyreregisteret, ikkje registreringar i Føretaksregisteret.

Rimelegare etablering av nye føretak kan likevel ha positive næringspolitiske verknader, og departementet har såleis funne grunn til å sjå på alternative modellar som kan redusere gebyra for nyregistrering, sjølv om inntektsnivået i Føretaksregisteret blir halde oppe. I høyringsbrevet vart det derfor skissert og drøfta tre ulike modellar for strukturen på tenestene frå Føretaksregisteret. For kvar av dei tre modellane som vart vurderte, var det elles svake sider også ved høvesvis registreringsgebyr, redusert registerkvalitet og administrative kostnader.

Høyringsinstansane har eit delt syn på kva for gebyrmodell som er mest tenleg i Føretaksregisteret, men eit fleirtal av instansane meiner det beste er å arbeide vidare for reduserte gebyr innanfor ramma av dagens gebyrordning. Justisdepartementet uttaler mellom anna:

«Når det gjelder gebyrstrukturen for Føretaksregisteret bør man etter vårt syn ta utgangspunkt i at registeret teknisk og informasjonsmessig sett fungerer tilfredsstillende i dag, og at man defor bør være varsom med å foreta endringer som kan påvirke registerets kvalitet.»

Departementet vil på denne bakgrunn vidareføre hovudtrekka i Føretaksregisterets gebyrstruktur i den nye gebyrforskrifta.

2.3.4 Endringar i kunngjeringsreglane

For å kome behova i næringslivet i møte og redusere gebyra i Føretaksregisteret, ønskte departementet også å sjå nærmare på om det var mogleg å redusere kostnadene.

Blant dei variable kostnadene i registra utgjør kunngjeringskostnader ein relativt stor del, idet registra kvart år bruker vel 32 millionar kroner på kunngjeringsform i Norsk Lysingsblad. I tillegg til at dette er ei kostbar kunngjeringsform, er det eit spørsmål om kunngjeringsform blir tilgjengelege nok for brukarane.

Departementet foreslo i høyringsnotatet ein overgang frå dagens kunnngjering i Norsk Lysingsblad til elektronisk kunnngjering i selskapsrelaterte saker. Elektronisk kunnngjering gir betre tilgang til kunnngjeringane, mellom anna gjennom utvida søkjemoglegheiter og enkle abonnementsordningar.

Parallelt med Nærings- og handelsdepartementet si høyring, har Justisdepartementet gjennomført høyring knytta til ein tilsvarende overgang for kunnngjeringar knytta til konkursåpning mv.

Vi viser til nærare omtale i kapittel 4.

3 Rettsgebyrlova som gebyrheimel

3.1 Gebysystemet i dag

Som det går fram av kapittel 2.1, har Brønnøysundregistra vore ei registereining i kontinuerleg vekst sidan Lausøyreregisteret vart etablert i 1981.

Dei første oppgåvene registra fekk, var tidlegare utførte av domstolane (tinglysing, føring av handelsregister), og følgde på mange måtar systemet til domstolane, mellom anna for gebyr. Det innebar at gebyret for registreringane vart knytt til rettsgebyret.

Lausøyreregisteret, Føretaksregisteret, Einingsregisteret, Konkursregisteret og Rekneskapsregisteret har sine gebyr berekna på grunnlag av rettsgebyr/brøkdeler av rettsgebyret. Reglane om dette er gitt i rettsgebyrlova, og dessutan forskriftene til denne og enkelte andre forskrifter som er relaterte til Brønnøysundregistra.

Føresegner om rettsgebyret er gitt i eiga lov 17. desember 1982 nr. 86 om rettsgebyr (rettsgebyrlova). Storleiken på rettsgebyret blir fastsett av Stortinget for kvart år i samband med statsbudsjettet, etter innstilling frå Justisdepartementet.

Sjølv om ein etter kvart har fått fleire tenester som er overførte frå domstolane til andre delar av det offentlege, og desse framleis nyttar rettsgebyret som utgangspunkt for prising av tenester/produkt, er det i første rekkje inntektsbehovet til domstolane som er retningsgivande for justeringa av gebyret.

Frå Lausøyreregisteret vart oppretta i 1981 og fram til 2002 har rettsgebyret auka frå 250 til 700 kroner. Dette tilsvarer ein årleg auke på i overkant av 5 pst. Gebyret vart auka med nærare hundre prosent i perioden 1985 til 1993, og med ca. 35 pst. frå 1999 til 2002. Gebyret har dei seinare åra auka meir enn konsumprisindeksen.

Koplinga mellom gebyra i Brønnøysundregistra og rettsgebyret har fleire verknader. For det første blir rettsgebyret justert utifrå andre omsyn/storlei-

kar enn det som bør liggje til grunn for fastsetjinga av Brønnøysund-gebyra. Rettsgebyret er ein storleik som blir nytta for å fastsetje prosesskostnader knytte til saker som blir lagde fram for domstolane, og utgangspunktet for det årlege proposisjonsarbeidet til Justisdepartementet er framleis inntektsbehovet til domstolane.

Koplinga inneber vidare at *alle* gebyra i Brønnøysundregistra i utgangspunktet blir endra, utan at det blir vurdert for kvart enkelt gebyr om det er behov for endring.

3.2 Forslaget i høyringsbrevet

Gebyrheimlane for føretaksregistrering er i dag ikkje å finne i føretaksregisterlova, men i rettsgebyrlova. Gebyrheimlane for registrering i Lausøyreregisteret er også i rettsgebyrlova, og ikkje i tinglysingslova.

Generelt bør reglar om avgifter og gebyr i størst mogleg grad plasserast i den saklege samanhengen sin, slik at avgiftsbelastninga går fram av reglane i samband med den aktuelle handlinga/aktiviteten. Rettsinformasjonsomsyn tilseier at den som planlegg å starte ei verksemd, eller liknande, bør kunne lese ut av lova kva for offentlege avgifter eller gebyr som følgjer av det. Lovstrukturutvalet trekte spesifikt fram føresegnene i rettsgebyrlova om avgift for føretaksregistrering som eksempel på det motsette, i NOU 1992:32, s. 155.

Ei enkel løysing ville vere å samle lovheimlane for gebyr til Brønnøysundregistra i ei lov. Men i dag finst det eigne lover for Einingsregisteret, Føretaksregisteret og Oppgåverregisteret, og dessutan føresegner i andre lover som byggjer på at det finst ei registereining i Brønnøysund. Departementet meiner at det ikkje er aktuelt med ei eiga lov for registra som heilskap, fordi dei ulike registra har forskjellige formål som altså blir regulerte av eigne lover, og fordi dei enkelte lovene elles fungerer godt.

Departementet foreslo derfor i høyringsbrevet å leggje alle heimlar for gebyr i dei ulike lovene som regulerer tenestene frå dei ulike registra, og deretter samle alle dei materielle føresegnene i ei felles forskrift, heimla i dei ulike lovene.

Heimelen for gebyr i Føretaksregisteret er det naturleg å plassere i føretaksregisterlova. Gebyrheimlar for Lausøyreregisteret bør plasserast i tinglysingslova, som dekkjer dei fleste tinglysingstenester Lausøyreregisteret utfører. Heimel for gebyr i Rekneskapsregisteret finst i dag i rekneskapslova § 8–1. Heimel for Einingsregisteret finst i einingsregisterlova § 22.

Gjennomgangen av gebyrheimlar avdekte elles

at det i dag også finst ein heimel for gebyr for føretaksregistrering i dokumentavgiftslova, men denne har aldri vorte brukt. Departementet foreslår derfor at denne føresegna blir oppheva.

Med dekkjande lovheimlar på plass i dei relevante lovene vil departementet fastsetje ei felles gebyrforskrift for tenester som blir utførte av Brønnøysundregistra. Myndigheit til å fastsetje og endre forskrifta bør liggje hos Nærings- og handelsdepartementet. Rammene for kva gebyr departementet kan fastsetje i forskrifta, blir i all hovudsak lagde gjennom dei årlege budsjettvedtaka i Stortinget.

Departementet foreslo på denne bakgrunn to nye lovheimlar for gebyrforskrifta i tinglysingslova og føretaksregisterlova. Dei øvrige gebyrheimlane vart vurdert som tilstrekkelege for ei felles gebyrforskrift.

3.3 Høyringsinstansane sitt syn

Justisdepartementet, Finansdepartementet, Domstolsadministrasjonen, Patentstyret, NHO, Finansnæringsens Hovedorganisasjon/Sparebankforeningen, Bedriftsforbundet og NARF har uttalt seg om gebyrheimlane, og samtlege er positive til den omlegging som vart foreslått i høyringsbrevet.

3.4 Departementet si vurdering

På bakgrunn av den tilslutninga forslaget har fått i høyringa, foreslår departementet at alternative gebyrheimlar blir tekne inn i dei lovene som regulerer tenester dei ulike registra i Brønnøysund utfører, dvs. føretaksregisterlova og tinglysingslova. Dagens heimlar i rettsgebyrlova vert oppheva.

Departementet vil deretter fastsetje ei felles gebyrforskrift for alle registra i Brønnøysund, heimla i fleire lover. Forskrifta vil innehalde dei prisane som til ein kvar tid gjeld for produkta/tenestene frå registra, og bli fastsett av Nærings- og handelsdepartementet. Ei slik forskrift vil etter departementet si meining gi eit ryddig system som er lett tilgjengeleg for brukarane.

4 Endringar i kunngjeringsreglane

4.1 Dagens kunngjeringsystem

For ei rekkje av dei registreringane som Føretaksregisteret gjer i dag, er det kunngjeringsplikt. Dette gjeld mellom anna for nyregistrering av selskap, kapitalendring i selskap, endring av firma, sletting av selskap, o.a.

Etter dagens regelverk skal kunngjeringsane stå i Norsk Lysingsblad. Lysingsbladet er ein offentleg publikasjon som blir utgitt dagleg i trykt form. I tillegg skal ein del forhold òg kunngjerast i aviser som folk flest på forretningsstaden til føretaket les. I praksis blir alle kunngjeringsane i dag også lagde ut på nettstaden til Brønnøysundregistra, utan at det er knytt rettsverknader til det.

Etter EUs første selskapsdirektiv (68/151/EEC) er det plikt til å kunngjere ein del selskapsrettslege forhold i «a national gazette». Det er såleis ei EØS-rettsleg plikt til å ha ein eigna publikasjon. Reglane har vore tolka slik at denne publikasjonen skulle vere papirbasert. Men i juni 2002 fremma EU-kommisjonen eit forslag til endringar i første selskapsdirektiv, som mellom anna eksplisitt opnar for elektroniske kunngjeringsløyser. Forslaget vil venteleg verte vedtatt våren 2003. Danmark har elles alt utarbeidd ei elektronisk kunngjeringsløyser som EU-kommisjonen har akseptert som ein «national gazette». Departementet meiner på denne bakgrunnen at EØS-reglar ikkje er til hinder for arbeidet med å gå over til ei elektronisk kunngjeringsløyser.

Høyringsbrevet tok ikkje opp til drøfting kva for opplysningar som skal kunngjerast i ulike samanhengar, berre i kva for medium kunngjeringsane skal skje.

4.2 Betre tilgang til kunngjeringsane

Det naturlege alternativet til kunngjeringsane i Norsk Lysingsblad er elektronisk kunngjeringsane på Internett. Men ein føresetnad for at ein skal kunne gå over til elektronisk kunngjeringsane ved bruk av Internett, er at ein tilstrekkeleg del av publikum har tilgang til dette mediet. Tal frå Statistisk sentralbyrå første kvartal 2002 viser at det er totalt 2,6 millionar Internett-abonnement i Noreg. Av desse er om lag 140 000 bedrifter, og knapt 2,5 millionar privatpersonar. I bedrifter med meir enn ti tilsette har 81 prosent av bedriftene tilgang til Internett. Innanfor næringsane «bank og finans» og «anna tenesteyting» er tilgangen til Internett høvesvis 100 og 88 prosent.¹ I tillegg til dette er Internett tilgjengeleg på offentlege bibliotek. Vi kan såleis konkludere med at Internett i dag er eit allment tilgjengeleg elektronisk medium både for privatpersonar og profesjonelle aktørar.

¹ IKT-barometer for 2001, tabell 13.2 utarbeidd av Statistisk sentralbyrå.

Norsk Lysingsblad har i dag ca. 8000 abonnentar. Eit overslag på kor mange aktive næringsdrivande det er totalt, ligg normalt mellom 250 000 og 300 000. Næringsdrivande flest har ikkje abonnement, men dei kan i dag få tilgang til bladet til dømes på bibliotek. Etter departementet si vurdering er det vesentleg fleire næringsdrivande som har tilgang til Internett i si eiga bedrift, enn til Norsk Lysingsblad i papirutgåve. Dei som ikkje sjølv har Internett, kan få tilgang til det på bibliotek, altså på same måte som Lysingsbladet. Abonnentane til Lysingsbladet er primært profesjonelle aktørar. Gjennom for eksempel abonnement på elektroniske lister over kunngjeringsreglar blir tilbodet deira betre enn i dag.

I tillegg til at kunngjeringsreglar på Internett kan nå fleire personar enn dagens trykte utgåve av Norsk Lysingsblad, kan ei elektronisk utgåve med søkjemoglegheiter også gjere det enklare å finne fram til den informasjonen ein er ute etter. Det kan opnast for søkking etter utvalde kriterium som geografiske område, næringer og kunngjeringsstypar, i tillegg til søkking på organisasjonsnummer.

13. november i 2002 sende Justisdepartementet på høyring eit forslag frå rasjonaliseringsgruppa i Konkursrådet. Der var det mellom anna eit forslag om at kunngjeringsreglar i samband med konkurs blir overførte frå Norsk Lysingsblad til ei internettløysing i regi av Brønnøysundregistra. På denne måten kan dei viktigaste kunngjeringsreglar som er knytte til næringsverksemd, verte samla på ein stad.

Departementet meiner på denne bakgrunnen at elektronisk kunngjeringsreglar kan gi brukarane betre tilgang til informasjonen enn dagens kunngjeringsreglar i Norsk Lysingsblad.

Det kan rett nok reisast spørsmål ved om Internett kan erstatte vanlege skriftlege kunngjeringsreglar fullt ut. Vi meiner reglane om kunngjeringsreglar i aviser tek nødvendig omsyn til dei som ikkje har Internett-tilgang/ikkje er Internett-brukarar. Dei viktige kunngjeringsreglar som vedkjem kapitalstatusjonen i føretak, oppløysingar o.a., skal òg kunngjerast i lokale aviser, i tillegg til i Norsk Lysingsblad. Det er derfor ikkje foreslått endringar i reglane om kunngjeringsreglar i aviser «som er alminnelig lest på stedet», jf. ordlyden i mellom anna aksjelova § 4–11.

4.3 Reduserte kostnader

Ein annan viktig faktor ved overgang til elektronisk kunngjeringsreglar er at registra kan spare store beløp, som i sin tur kan brukast til å redusere gebyra i registra. Brønnøysundregistra kunngjer i dag for over 32 millionar kroner, berre i Norsk Lysings-

blad. Dette gjeld Føretaksregisteret (ca. 31 mill. kroner) og Konkursregisteret (ca. 1,8 mill. kroner). Dei større skifterettane står sjølv for kunngjeringsreglar i konkurssaker, og kostnadene her er på ca. 0,7 mill. kroner. Brønnøysundregistra kunngjer i aviser for ca. 24 mill. kroner.

Brønnøysundregistra har i dag ein kunngjeringsbase som er knytt opp mot saksbehandlingsreglar. Vedtak/forretningar som er underlagde kunngjeringsplikt i Norsk Lysingsblad, blir kunngjerde der parallelt med kunngjeringsreglar i bladet. I basen kan ein søkje på organisasjonsnummer og kunngjeringsdatoar (inkludert lengre tidsrom), og dessutan kan ein utføre avgrensa søk i bestemte geografiske område. All kunngjeringsinformasjon finst likevel i basen, slik at det blir mogleg å etablere fleire søkjekriterium.

Vidare utvikling av dagens kunngjeringsløysing i Brønnøysund, slik at ein får ei funksjonell og god løysing med fleire søkjemoglegheiter enn i dag, vil koste omlag 400 000 kroner, som ei eingongsutgift. Drifta av basen inneber ikkje kostnader utover det som i dag blir brukt til drift av kunngjeringsbasen, og oversending av informasjon for publisering i Norsk Lysingsblad.

Det blir derfor store innsparingar ved å gå over til elektronisk kunngjeringsreglar i staden for å bruke Norsk Lysingsblad.

4.4 Kunngjeringsplikter som kviler på selskapa

Aksjelova inneheld også føresegnar som pålegg verksemdene sjølv å kunngjere i Norsk Lysingsblad, mellom anna i samband med overgang frå manuelt aksjeeigarregister til registrering i VPS, jf. asl § 4–11 og ved tvungen overføring av aksjar i dotterselskap, jf. asl § 4–26 og asal § 4–25.

For å sikre at også desse opplysningane vert enkelt tilgjengelege for brukarane, og for å spare næringslivet for desse kunngjeringskostnadene, går departementet inn for at desse føresegnene vert endra på tilsvarande måte.

Departementet har vurdert om det er omsyn som tilseier at desse kunngjeringsreglar bør bli verande i Norsk Lysingsblad, også etter at andre kunngjeringsreglar knytte til føretaksregistrering, oppløysingar, kreditorvarsel, o.a. vert overførte til basane i Brønnøysundregistra. Departementet kan likevel ikkje sjå nokon argument for å halde på dagens ordning. Tvert imot vil det vere til fordel for brukarane av slik informasjon at alt er samla på ein stad.

Når det gjeld kostnadsspørsmål, betaler føretaka i dag vanleg annonsepris i Norsk Lysings-

(p.t. 7 kroner pr. spaltecentimeter). Departementet går ut frå at føretaka på same måte må betale for kunngjering i kunngjeringspublikasjonen til Brønnøysundregistra. Den konkrete prisen må likevel fastsetjast på bakgrunn av dei kostnadene registra har når det gjeld å gjere informasjonen tilgjengeleg i kunngjeringsbasen, og departementet reknar med at det vert rimelegare for selskapa enn dagens kunngjering i Norsk Lysingsblad.

4.5 Forslaget i høyringsbrevet

I høyringsbrevet foreslo departementet at ein burde gå over til ei elektronisk kunngjeringsløyseing for å gjere informasjonen meir tilgjengeleg for brukarane, og for å spare kostnader. Denne burde byggje på løysingar Brønnøysundregistra alt har etablert.

Ettersom ei rekkje lovføresegner i dag gir direkte påbod om at kunngjering skal skje i Norsk Lysingsblad, ville det vere behov for ein del lovendringar. Etter departementet si meining var det likevel tilstrekkeleg å endre tilvisinga til kunngjeringsstad frå «Norsk Lysingsblad» til «Brønnøysundregistrenes elektroniske kunngjeringspublikasjon». Departementet foreslår at det vert gjort også i dei føresegnene som legg ei kunngjeringsplikt på selskapa direkte.

Gjeldande reglar om kunngjering pålegg register, selskap mv. ei plikt til å kunngjere visse typar saker, men seier ingenting om kor lenge kunngjeringa skal bli ståande, eller kor lenge ho skal vere tilgjengeleg. Gjennom Norsk Lysingsblad og aviser har kunngjeringar i praksis vore tilgjengelege i uavgrensa tid gjennom fysiske arkiv/riksarkivet.

Når ein etablerer ein kunngjeringsbase, må ein ta stilling til kor lenge kunngjeringar skal ligge i basen før dei vert overførte til eit historisk elektronisk arkiv. Valet av lagringstid påverkar berre behovet for lagringskapasitet i basen til Brønnøysundregistra.

Departementet sitt syn var i utgangspunktet at kunngjeringane burde vere tilgjengelege i basen så lenge dei har ein rimeleg aktualitet for publikum. Men departementet trur ikkje det er behov for å lagre dei lenger enn tre år, i og med at alle klagefristar etter forvaltningslova, allmenn foreldingsfrist etter foreldingslova og alle søksmålsfristar etter selskapslovgivinga då er utgått.

4.6 Høyringsinstansane sitt syn

Justisdepartementet, Arbeids- og administrasjonsdepartementet, Domstolsadministrasjonen, Patentstyret, Brønnøysundregistra, NHO, Finansnærings Hovedorganisasjon/Sparebankforeningen,

Bedriftsforbundet, NARF og Den norske Revisorforening har uttalt seg om forslaget til omlegging av kunngjeringsordninga, og alle er positive til den omlegginga som vart foreslått i høyringsbrevet.

Finansnærings Hovedorganisasjon/Sparebankforeningen og Domstolsadministrasjonen framheva at det er viktig at kunngjeringane er tilgjengelege «til evig tid». Domstolsadministrasjonen uttaler:

«Når man går over til kunngjøring via elektroniske media må man samtidig sikre at kunngjøringene er tilgjengelige til evig tid i en eller annen form. Dette vil være av betydning av historiske årsaker, men også for å sikre at man kan dokumentere hva som har skjedd i tilfelle det senere skulle bli søksmål i en eller annen form hvor spørsmålet om kunngjøringstidspunkt kan få betydning for sakens utfall.»

4.7 Departementet si vurdering

På bakgrunn av den støtta forslaget har fått i høyringa, foreslår departementet ei omlegging til elektronisk kunngjering på Internett ved hjelp av Brønnøysundregistra sine databasar. Dette vert gjennomført ved lovendringar i alle dei ulike lovene som i dag pålegg Føretaksregisteret eller bedriftene sjølve å kunngjere i Norsk Lysingsblad. Departementet meiner at ein gjennom denne omlegginga både vil spare kostnader for registra og gi brukarane av kunngjeringane eit betre tilbod.

Det er viktig å sikre tilgangen til informasjonen over. Departementet vil sørge for at informasjonen er tilgjengeleg på Internett med gode søkjemoglegheiter i så lang tid som det er praktiske behov for det, sett i høve til lagringskapasitet. Seinare må informasjonen kunne hentast fram frå historiske arkiv i samsvar med vanlege arkivreglar.

5 Administrative og økonomiske konsekvensar

5.1 Offentleg forvaltning

Forslaget om endring av gebyrheimlar for Brønnøysundregistra rører ikkje ved spørsmålet om storleiken på gebyra.

Endringane i kunngjeringsystemet inneber ei innsparing i kostnadene for registrering, fordi kostnadene til kunngjering i Norsk Lysingsblad fell bort. Det gir ei innsparing på ca. 32 millionar kroner. Inntektene til Norsk Lysingsblad vert reduserte tilsvarande. Kostnadene for Norsk Lysingsblad

vert redusert med ein noko mindre sum. I tillegg kjem Norsk Lysingsblad kanskje til å miste nokre abonnementsinntekter frå føretak som har abonnert på bladet berre for å få tilgang til dei kunngjeringsane som departementet no foreslår skal overførast til Brønnøysund. Departementet legg opp til at dei innsparte kostnadene for kunngjering skal gi tilsvarende reduksjon av registreringsgebyra. Totalt sett blir forslaga derfor provenynøytrale.

Den foreslåtte overgangen til elektronisk kunngjering i regi av Brønnøysundregistra krev ei viss vidareutvikling av den noverande kunngjeringsida til Brønnøysundregistra. Dette er berekna til ein eingongskostnad på ca. 400 000 kroner. Dette kan dekkjast over det ordinære budsjettet til Brønnøysundregistra. Drift av kunngjeringsbasen vil ikkje verte meir kostnadskrevjande enn dagens arbeid med oppfølging av kunngjeringsane i Norsk Lysingsblad.

5.2 Næringslivet

Forslaget om å endre kunngjeringsmetoden frå utlysing i Norsk Lysingsblad til elektronisk kunngjering, med ein tilsvarende reduksjon i gebyra, kjem til å gi ei innsparing på ca. 32 millionar kroner. I tillegg kan det gi ein viss effektivitetsgevinst for næringslivet fordi ein reknar med at ei elektronisk kunngjeringsløyseing kan gi betre informasjonstilgang og søkjemoglegheiter.

Forslaga om omlegging av dei kunngjeringspliktene som ligg på selskapet sjølv, frå Norsk Lysingsblad til den elektroniske kunngjeringspublikasjonen i Brønnøysundregistra, fører ikkje til nokon auke i kostnadene for næringslivet, sidan verksemdene alt i dag betaler kr 7 per spaltmillimeter for kunngjering i Norsk Lysingsblad. Ein reknar med at prisen for slik kunngjering i basane til Brønnøysundregistra vil kunne bli lågare.

6 Særskilde merknader

6.1 Lov 17. desember 1982 nr. 86 om rettsgebyr (rettsgebyrlova)

Til § 4

